



Sogndal vidaregåande skule tilbyr toppidrett langrenn for elevar som går idrettsfag. Dette gjer vi i samarbeid med Sogn og Fjordane Skikrins.

I samband med dette inviterer me aktuelle løparar/elevar som no går i 9. eller 10. klasse med foreldre til informasjonsmøte og omvisning på Sogndal vidaregåande skule **laurdag 30. januar** (etter SSF-cup på Heggmyrane denne dagen) – ca kl 16.00 (kjem an på rennslutt på Heggmyrane)

Tema på møtet:

- Informasjon om langrennsatsinga som ein del av programfag toppidrett langrenn
- Eksempel på treningskvardagen ved Sogndal vidaregåande skule
- Kombinasjon mellom å vere skuleelev og toppidrettsutøvar
- Informasjon om krinslaget
- Spørsmål og ymse

Krinslagstrenar og programfaglærer langrenn Asgeir Årdal vil vere med på møtet.

Det vert enkel servering (toppidrettsmat) – då alle har vore gjennom eit tøft renn på Heggmyrane.

Påmelding til møtet sender du til tor.arne.hov@sfj.no / mobil: 47 30 44 00, eller til yingve.thorsen@skiforbundet.no / mobil: 92 60 14 21. **Påmeldingsfrist torsdag 28. januar.**

Vel møtt!

Venleg helsing

Tor Arne Hov
Adm.leiar
Sogndal vgs

Yngve Thorsen
Adm.sjef
Sogn og Fjordane Skikrins